



**DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT**

Norsk språkråd
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.
2000/768 KU/KU2 IE

Dato
5.12.2000

RETTSKRIVINGSVEDTAK I PERIODEN 1996-1999

Vi viser til brev av 16. februar 2000 og seinare supplerande opplysningar om dei rettskrivingsvedtaka frå siste rådsmøte som krev godkjenning frå departementet for å vere gyldige.

I brev av 28. juni 2000 melde vi frå om at det trongst meir tid for å avslutte behandlinga av denne saka. Vi opplyste samstundes at departementet hadde avgjort at ei eventuell heil eller delvis godkjenning av vedtaka ikkje i noko fall ville bli sett i verk i haust, og at det difor ikkje ville bli endringar i rettskrivinga for skuleåret 2000/2001. Avgjerda vart teken først og fremst av omsyn til dei forlaga og ordlisteforfattarane som førebudde nye bøker eller nye opplag til skulestart. Saka er no ferdigbehandla, og vi gjer nedanfor greie for dei vurderingane departementet har lagt til grunn.

Del I

Departementet har teke utgangspunkt i Norsk språkråds eige ønske om visse omleggingar i normeringspolitikken, slik dette kjem til uttrykk i det notatet om Norsk språkråds framtidige arbeidsoppgåver og organisasjonsform som vart oversendt departementet ved brev av 5. november 1997. Det er seinare opplyst at notatet vart drøfta på rådsmøtet i februar 1998, og at følgjande framlegg vart samrøystes vedteke:

”Rådet slutter seg i hovedsak til det som sies i punktene 2-5 og 7 i notatet. Rådet ber styret ta hensyn til det som er kommet fram i debatten.”

Normeringsarbeidet er behandla under del 5 b i notatet, og her heiter det mellom anna:

”Normeringsarbeidet foregår som en løpende virksomhet i sekretariatet under ledelse av fagnemnda. Hvert år behandler Språkrådet på sitt årsmøte normeringsforslag som gjelder unormerte ord, og hvert fjerde år behandles forslag om ny normering av tidligere normerte ord. Det vil være grunn til å vurdere om normeringsvedtakene isteden bør skje gjennom

mindre frekvente, men mer omfattende og helhetlige rettskrivingsreformer. Normering av nye ord bør imidlertid kunne behandles hvert år (...). Det er lettere å skape forståelse for rettskrivningsreformer når de kommer sjeldnere og er mer helhetlige, man kan forberede publikum gjennom forhåndsdebatt og høringer, og det blir lettere for den enkelte språkbruker å tilegne seg endringene. Behovet for hyppige endringer må også vurderes på bakgrunn av den oppryddingen som nå forberedes med fjerning av mindre brukte former i bokmålsrettskrivningen og en reduksjon av alternative hovedformer i nynorsknormalen.”

Å dømme etter referatet kom det under drøftingane på rådsmøtet ikkje fram avvikande oppfatningar i høve til hovudsynspunktet i det som er sitert ovanfor.

Det same hovudsynspunktet er også nedfelt i St.meld. nr. 13 (1997-98) *Målbruk i offentleg teneste*, som vart lagd fram 19. desember 1997:

”Det er grunn til å vurdere om normeringsvedtaka bør skje gjennom mindre frekvente og meir heilskaplege rettskrivingsreformer. Slik vil det truleg også vere lettare å informere om rettskrivingsendringane. Publikum kan lettare førebuast, og den enkelte språkbrukar kan setje seg betre inn i endringane. Rådet førebur no ei opprydding ved å fjerne mindre brukte former i bokmålsrettskrivinga og ein reduksjon av alternative hovudformer i nynorsknormalen. Dette vil også føre til at behovet for hyppige endringar blir mindre. Normering av nye ord må likevel halde fram som før.”

Heller ikkje i innstillinga frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, Innst. S. nr. 174 (1997-1998) eller under debatten i Stortinget 18. mai 1998 kom det fram avvikande synspunkt.

Departementet legg etter dette til grunn at det er brei semje om ei viss omlegging av normeringspolitikken i den leia som framgår av sitata ovanfor.

Dei rettskrivingsvedtaka som no ligg føre, har samla sett eit større omfang og vedkjem meir sentrale delar av rettskrivinga enn det som har vore vanleg. Dei retningslinjene som er lagde til grunn, gjer også at saka denne gongen reiser prinsipielle spørsmål som har ein tydelegare normeringspolitisk og til dels ein vidare språkpolitisk karakter. Til saman gjer dette at dei innsende vedtaka langt på veg kan karakteriserast som framlegg til ei eiga rettskrivingsreform, og dette aktualiserer den nemnde omlegginga av normeringspolitikken.

Norsk språkråds arbeid med å førebu vedtaka har likevel måtta skje innanfor dei tids- og prosedyrerammane som rådet etter gjeldande reglar er bunde av. Departementet ønskjer mellom anna å gje Norsk språkråd høve til ein ny gjennomgang av heilskapen i dei innsende endringane slik dei framstår etter dei mange vedtaka som vart gjorde på rådsmøtet. Dette vil også gje Språkrådet tid til å arbeide seg igjennom dei restspørsmåla som står att, og så langt råd er dei oppfølgings- og justeringssakene som lett følgjer i kjølvatnet av dei mange vedtaka som gjeld ordgrupper, grammatiske kategoriar og liknande.¹ Dermed sikrar ein seg at reforma

¹ Mellom anna framgår det av referat frå fagnemndmøtet 19. oktober 1999 at det generelle spørsmålet om genus i nynorske substantiv vart utsett til neste rådsperiode. I referatet frå rådsmøtet i 2000 heiter det under pkt. 3.3.1.1.2 *Enkeltord med valfri bøyning i fleirtal*: ”Lus og andre ord som bør vurderast saman med vedtaka som vart gjorde under dette punktet, går til fagnemnda.” Og under den generelle meningsutvekslinga om nynorsknorma på rådsmøtet uttalte ein av fagnemndmedlemene ifølgje referatet at ”det trengst ei løpande vurdering av både gamle og nye vedtak også heretter”. Det kan vere noko uklart kva som er meint med den sistnemnde formuleringa, men ho synest i alle høve ikkje utan vidare å kunne sameinast med det breie ønsket om ein ei omlegging av normeringspolitikken som det er gjort greie for ovanfor.

blir tilnærma fullstendig slik at behovet for nye snarlege endringar blir minst mogleg. Under del II nedanfor kjem vi nærmare tilbake til ulike element i den heilskaplege gjennomgangen vi meiner det er behov for, jf. del II B. Men først vil vi ta opp eit meir prinsipielt spørsmål som gjeld grunnlaget for dei innsende rettskrivingsendringane i nynorsk, jf. del II A.

Dette inneber at departementet i denne omgangen sender rettskrivingsvedtaka tilbake til Norsk språkråd utan godkjenning. Det er likevel enkelte unntak frå dette. Det gjeld vedtak på område der situasjonen kan tilseie ei meir løpande normering. Dette kjem vi tilbake til under del 3 nedanfor.

Eit viktig formål med ei nyorientering av normeringspolitikken er å sikre større stabilitet i rettskrivinga. I dette ligg det frå departementet si side ingen kritikk mot tidlegare normeringspraksis, men ei konstatering av at tida no synest vere mogen for å gje omsynet til stabilitet monaleg sterkare gjennomslag.

Departementet føreset difor at Norsk språkråd legg til grunn som eit siktemål for den reforma som no skjer, at ho i all hovudsak vil bli ståande uendra i lang tid framover. I dette ligg at det seinare berre bør vurderast marginale og absolutt nødvendige endringar innanfor ramma av dei fireårige rådperiodane som til no har regulert rytmen i rettskrivingsutviklinga. Departementet vil forvise seg om at Norsk språkråd er fullt ut innforstått med denne føresetnaden, og dette er også ein del av grunngevinga for at vi ikkje utan vidare har ønskt å godkjenne dei innsende vedtaka.

Det er ikkje aktuelt for departementet å fastsetje andre skrivemåtar eller bøyingsformer enn dei Norsk språkråd har vedteke. Det inneber at vi heller ikkje vil vurdere å fjerne eller ta inn bestemte former, heller ikkje å oppgradere eller nedgradere bestemte former innanfor norma, jf. dei konkrete framlegga i så måte i vedlagde kopi av brev av 11. april 2000 frå Noregs Mållag. Unntak frå dette kan likevel kome på tale i heilt spesielle tilfelle der vi meiner eit vedtak står i direkte motsetnad til fastlagde retningslinjer utan at dette er nærmare er grunngeve, jf. nedanfor under del III. Regelen vil likevel vere at departementet ikkje fastset andre rettskrivingsformer enn dei som først er vedtekne i Norsk språkråd.

Del II

A

Departementet kan utan vidare slutte seg til dei retningslinjene som har lege til grunn for arbeidet med bokmålsrettskrivinga, dvs. at systemet med sideformer i praksis blir fjerna, og at lite brukte former i stor grad blir tekne ut av rettskrivinga. Gode grunnar kunne tilseie ei fjerning av skiljet mellom hovudformer og sideformer også i nynorsk, sjølv om nynorskens tradisjon og situasjon gjer at det her ikkje ligg like godt til rette for eit slikt grep som i bokmål. På rådsmøtet i 1997 vedtok Norsk språkråd i staden å regulere tilhøvet mellom hovudformer og sideformer med sikte på ein trong læreboknormal kombinert med ei rettskriving med stor valfridom. I samsvar med dette omfattar dei innsende vedtaka mange bøyingsformer og skrivemåtar som blir degraderte frå hovudformer til sideformer. I mindre grad er noverande sideformer tekne ut av rettskrivinga, og talet på sideformer har dermed auka.

Departementet meiner at tida no er inne til å sjå nærmare på dei ulempene som følgjer av den todelte rettskrivinga også i nynorsk. Til dømes kan det hevdast at det ikkje utan vidare er heldig at skuleelevar lærer å bruke skrivemåtar og bøyingsformer som dei likevel ikkje har lov til å nytte dersom dei seinare blir tilsette i offentleg teneste, eller former og skrivemåtar som det ikkje finst støtte for i lærebøker. Todelinga representerer også eit kompliserande element ved innlæring og handheving av skriftnorma. Og det etter måten omfattande statusskiftet som det no er lagt opp til, inneber i seg sjølv ein komplikasjon som kjem i tillegg.

Ei uttalt målsetjing er at den foreslåtte omlegginga skal gje nynorsk ei fastare norm og dermed nynorskbrukarar ei støare kjensle av korleis nynorsk skal skrivast.² Spørsmålet er om ikkje dette kan bli vanskeleg å få til i praksis når det berre er statstilsette og lærebokforfattarar som likevel treng skrive i samsvar med ei slik norm, og når norma ikkje fell saman med den som gjeld for skriveopplæringa og skriftpraksisen i skulen. Dersom målet er å etablere ei norm som er så fast at ho lettare kan verke som eit mønster for korleis språkbrukarane skal skrive rett, kan det synast inkonsekvent at det samstundes finst ei rad andre former og skrivemåtar som også er korrekt rettskriving i dei fleste samanhengar. Og det kan synast lite formålstenleg å halde oppe og til og med utvide systemet med tillatne sideformer dersom det skulle vere ein underforstått føresetnad at desse formene helst ikkje skal nyttast likevel. I det heile kan den todelte rettskrivinga hevdast å innebere ein dobbeltkommunikasjon som er med på å skape ei forvirring hos språkbrukarane som kjem i tillegg til den uvissa som valfridomen i seg sjølv representerer.

Departementet er samstundes fullt klar over dei ulike grunnane som taler for at det framleis bør vere eit system med sideformer i nynorsk, og at ei fjerning av skiljet mellom hovudformer og sideformer kan framstå som ei drastisk endring som vil kunne skape mykje uro og usemje. Vi er likevel komne til at ei rettskrivingsendring som etter føresetnaden skal stå ved lag i lang tid framover, ikkje bør gjennomførast før dette spørsmålet er grundig utgreidd.

Av dei dokumenta vi har tilgang til, kan vi ikkje sjå at dette alternativet har vore reelt drøfta i dei organa i Språkrådet som har førebudd dei retningslinjene som ligg til grunn for dei innsende rettskrivingsendringane. Det kan synast som ein har teke dette skiljet som eit udiskutabelt utgangspunkt. Vi har dessutan merkt oss at tanken om å fjerne systemet med

² Jf. "Grunngjeving av framlegg til ny læreboknormal for nynorsk" av Jan Terje Faarlund.

sideformer i bokmål kom opp etter at retningslinjene for nynorsknormalen var fastlagde, utan at dette ser ut til å ha ført til noka ny drøfting av desse retningslinjene. Departementet si vurdering er at endringa for bokmål aktualiserer eit tilsvarande grep i nynorsk. Dette kan mellom anna sjåast i samanheng med nynorsken sin konkurransesituasjonen i høve til det dominerande bokmålet.

Departementet vil difor be Norsk språkråd sjå nærmare på dette spørsmålet. Det er naturleg å tenkje seg at ein får laga ei utgreiing som drøftar korleis skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kunne takast bort, og korleis ein i så fall kunne tenkje seg å løyse dei problema som ville melde seg i kjølvatnet av dette. Kor breitt eit slikt arbeid bør leggjast opp, og korleis det elles skal definerast og organiserast, bør drøftast nærmare med departementet etter at Norsk språkråd har gjort ei første vurdering av saka.

B

Dersom det viser seg at det ikkje er nokon farbar veg å fjerne skiljet mellom sideformer og hovudformer i nynorsk, må det i staden sjåast nærmare på heilskapen i dei endringane som vart vedtekne på siste rådsmøte, jf. del I ovanfor.

Tilhøvet mellom tilnæringsformer og tradisjonelle former i nynorsk

Departementet har motteke ei fråsegn frå Voss mållag, som er vedlagd i kopi. Eitt av ankepunkta her er at dei vedtekne endringane i nynorsk favoriserer tilnæringsformene i høve til meir tradisjonelle former. Også i brevet frå Noregs Mållag av 11. april 2000 blir det hevda at vedtaka samla sett har fått ei slagside som favoriserer dei bokmålsnære formene i høve til dei tradisjonelle. Tilsvarande synspunkt har også vore fremja i det allmenne ordskiftet om nynorskvedtaka. Departementet finn det naturleg at Norsk språkråd nyttar høvet til å gjere ei samla vurdering av tilhøvet mellom tradisjonelle former og bokmålsnære former innanfor dei ulike delane av norma slik dei framstår etter dei mange ulike enkeltvedtaka frå rådsmøtet, og gje ei nærmare grunngjeving. Vi føreset at eventuelle justeringar i så fall må vedtakast som ein samla pakke.

Spørsmålet om å ta inn att i nynorsk former som tidlegare er tekne ut

Fråsegna frå Voss mållag har elles som utgangspunkt at stabilitet er eit gode for eit skriftmål, men tek samstundes til orde for å ta inn i norma ei rad former som har vore ute i lang tid, i stor grad former frå tida før rettskrivingsreforma av 1938. Vi vil på denne bakgrunn streke under at når departementet ovanfor har vist til behovet for større stabilitet, er det *gjeldande rettskriving* som er referansegrunnlaget. Som utgangspunkt meiner vi det er uheldig å gå tilbake på tidlegare endringar ved å ta inn att former som før er tekne ut. Ei slik fram-og-tilbake-normering av noko omfang vil fort kunne skape etter måten kaotiske tilstandar i rettskrivinga og stor forvirring hos språkbrukarane.

Det kan likevel tenkjast situasjonar der det kan vere aktuelt med rettskrivingsendringar som er prega av at ein tek inn att gamle former i norma o.l. Bokmålsreforma i 1981 kan i stor grad seiast å ha hatt ein slik karakter. Men ei slik endring bør helst ikkje gjennomførast utan at det er breitt grunnlag for det i den faktiske språkbruken i samfunnet. Departementet finn elles ikkje grunnlag for å vurdere framlegga frå Voss mållag nærmare så lenge ikkje slike synspunkt har nådd opp i dei drøftingane som har vore i Norsk språkråd. Vi vil likevel ikkje utelukke at spørsmålet om ei meir tradisjonell nynorsknorm vil vere av dei alternativ det kan

vere naturleg å drøfte som ledd i arbeidet med å greie ut grunnlaget for å fjerne skiljet mellom hovudformer og sideformer også i nynorsk, jf. punkt II A ovanfor.

Spørsmålet om meir systemrette skrive- og bøyingsformer

Behovet for større stabilitet i rettskrivinga tilseier også at ein ikkje går for langt i å ta inn nye eller ta ut gjeldande former for å skape eit meir einsarta eller systemrett mønster i likearta ordgrupper eller bøyingskategoriar. Ein etablert bøyings- eller skrivemåte kan det difor vere god grunn til å halde fast ved sjølv om han representerer eit unntak eller avvik frå eit større mønster. I ein del tilfelle ser vi likevel at meir regelrette og gjennomgripande bøyings- og skrivemåtar kan representere ei formålstenleg forenkling, og at det difor er grunnlag for til dømes å ta ut valfrie former som er avvikande i høve til mønsteret. Minst problematisk vil dette vere dersom ein konsentrerer seg om lite brukte former.

Med dette som utgangspunkt finn vi det naturleg å gje Norsk språkråd høve til å gjere ei ny vurdering av om ein i dei innsende vedtaka kanskje har gått noko langt i å fjerne veletablerte former for å skape eit regelrett mønster. Det er særleg i høve til endringane som gjeld eventuell samandraging av bøyingsformer i substantiv at det synest aktuelt med ein ny gjennomgang, jf. punkta frå 3.2.2.2.2 til og med 3.2.2.2.4 (bokmål) og frå 3.3.1.1.5 til og med 3.3.1.1.6 (nynorsk).

Som ledd i ein slik gjennomgang bør ein også passe på å unngå unødige skilnader mellom bokmål og nynorsk, da dette kan skape nye komplikasjonar på eit område som alt frå før framstår som nokså komplekst. Slik dei vedtekne endringane er presenterte i dei tilsende papira, er det ikkje lett å få fullt oversyn over korleis bøyinga blir sjåande ut for dei ulike ordkategoriane. Vi tillèt oss difor å be om ei samanliknande og systematisert oppstilling som viser det gjennomgåande bøyingsmønsteret for flest mogleg av dei aktuelle orda både på bokmål og nynorsk etter dei vedtekne endringane. Oppstillinga må også vise kva endringane går ut på. Når ei slik oppstilling ligg føre, vil departementet vurdere om det er grunnlag for å konkretisere dei generelle merknadene ovanfor.

Tilhøvet mellom bokmål og nynorsk

Departementet finn også at det bør gjerast ein generell gjennomgang for å sjå om det kan ha oppstått andre skilnader mellom bokmål og nynorsk som er unødvendige, slik at det ville vere ei pedagogisk forenkling om ein fekk eit betre samsvar. Konkret har vi merkt oss at ein i bokmål vil oppgradere dei tidlegare sideformene i preteritum av verba *be*, *dra*, *gi* og *stå*, dvs. at det blir valfritt å skrive *ba* eller *bad*, *dro* eller *drog*, *ga* eller *gav* og *sto* eller *stod*. Dei oppgraderte kortformene er utan tvil svært frekvente former, og departementet tillèt seg å be Norsk språkråd vurdere om ein også kan ta inn desse formene i nynorsk, eller om det er avgjerande språklege grunnar som hindrar dette.³ For ordens skyld strekar vi under at det å unngå skilnader som vi her har karakterisert som *unødvendige*, ikkje må tolkast som uttrykk for ein målmedveten tilnæringspolitikk mellom nynorsk og bokmål. Her er det framleis St.meld. nr. 13 (1997-98) som må leggjast til grunn.⁴

³ Sto er sideform i dag.

⁴ ”Regjeringa har som utgangspunkt å leggje tilhøva til rette for ei god utvikling for nynorsk skriftspråk. Den tilnæringslinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell. Det synest å vere etter måten brei politisk aksept for at vi i dag har to offisielle norske språkformer, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon. Det inneber at i staden for å leggje vekt på

Tilhøvet mellom bokmåls- og riksmålsformer

I samband med den heilskaplege gjennomgangen som bør gjerast for å leggje grunnlaget for ein meir stabil rettskrivings situasjon, vil det også vere formålstenleg å analysere noko nærmare tilhøvet mellom bokmålsnorma og den uoffisielle riksmålsnormalen. Det er truleg rett at det gjennom dei siste 10 – 20 åra har vore ei gjensidig tilnærming mellom bokmål og riksmål dersom ein ser på den faktiske språkbruken i samfunnet.

Departementet vil be om at Norsk språkråd gjer ei særskild vurdering av dei mest frekvente riksmålsformene som ikkje er tillatne i bokmål. Som døme kan nemnast preteritumsformer av svake verb, så som *bygget, trykket, prøvet* osv. Vi strekar under at departementet ikkje har fagleg grunnlag for å meine om slik former bør tillast i bokmål eller ikkje. Slike vurderingar ligg i første omgang til Norsk språkråd. Når det er tale om former som det er etter måten vanleg å sjå brukt i bokmålstekster, kjenner departementet derimot eit behov for å få ei nærmare fagleg grunngjeving for den offisielle normeringsstatusen deira.

Vi strekar under at departementet med omsyn til bruksfrekvens o.l. berre byggjer på eit generelt inntrykk og ikkje nærmare analyser. Eksempla ovanfor er også nokså tilfeldig valde. Det er difor vi ber eit nærmare oversyn og ein analyse frå Norsk språkråd.

Transkripsjon av namn i nygresk

Under del 3.1.1 i det tilsende vedtaksoversynet er det ført opp ei liste over nye skrivemåtar av geografiske namn i Hellas og på Kypros. Desse er tidlegare tekne inn i årsmeldinga for 1998, utan at det ligg føre noka godkjenning frå departementet. Det må difor leggjast til grunn at desse vedtaka ikkje er gyldige.

Departementet har merkt seg at dei nye stavemåtane er fastsette på grunnlag av nye retningslinjer for transkripsjon av namn i nygresk som Norsk språkråd har vedteke. Dette har ført til at tidlegare velkjende og enkle skrivemåtar som til dømes Attika, Maraton, Pireus, Sparta og Tessaloniki er erstatta med dei meir framande formene Attikí, Marathónas, Pireás, Spárti og Thessaloníki. Dei nye formene gjeld etter det vi forstår berre ved transkripsjon av dei nygreske namna, mens dei tilsvarende historiske namna og ”vanlege ord” har dei gamle stavemåtane. Det er nemnt som døme at ein kan skrive om slaget ved Maraton og maratonlauf samstundes som ein må nytte den nygreske namneforma Marathónas i transkripsjon.

Departementet meiner at dette representerer ein unødvendig komplikasjon. Vi kan heller ikkje sjå at dei nye skrivemåtane med til dømes stumme h’ar m.m. er i samsvar med dei prinsippa som blir nytta til dømes i samband med norvagisering. Sjølv om det her dreier seg om geografiske namn, kan vi vanskeleg sjå noko behov for å innføre dei nye skrivemåtane. For at departementet skal kunne vurdere å godkjenne alle desse endringane, må det liggje føre ei overtydande grunngjeving. Det er også enkelte av dei historiske namna under pkt. 3.1.2 som

utviklingstendensar som på sikt kan føre dei to målformene saman, blir måldyrkingsarbeidet snarare knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. I tillegg til å sikre individuelle språkrettar både for nynorsk- og bokmålsbrukarane bør reglane for offentleg språkbruk også utformast og praktiserast slik at dei kan vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv.” (St.meld. nr. 13 (1997-98) s. 17)

krev ei nærmare grunngeving. Også her er det til dømes innført ein del stumme h'ar som vi ikkje utan vidare ser behovet for.

Del III

Ved behandling av rettskrivingssakene frå perioden 1992-95 var det eit mindretal av dei såkalla norvagiseringsvedtaka som departementet ikkje fann grunnlag for å godkjenne. Grunngevinga var eit punkt i dei retningslinjene som tidlegare var drøfta i Norsk språkråd, som gjekk ut på at innføring av norsk skrivemåte i eit importert framandord ikkje burde gjennomførast før ordet hadde fått ein fast eller dominerande uttale i norsk. Med utgangspunkt i dei vedtaka som ikkje vart godkjende, bad departementet Norsk språkråd om å få gjennomført ei fagleg utgreiing som særleg tok opp forholdet mellom uttale og skrivemåte ved norvagisering av framandord. Departementet uttalte at ei slik utgreiing burde danne basis for ei brei drøfting av felles retningslinjer for normering av framandord i norsk.

Dette utgreiingsarbeidet er gjennomført, utgreiinga har vore på høring, og med dette som utgangspunkt gjorde Norsk språkråd på rådsmøtet i 1998 eksplisitt vedtak om nye retningslinjer for norvagiseringsarbeidet. Retningslinjene består av ei tilvising til ei rad prinsipp som er formulerte og grunnjevne i den nemnde utgreiinga, modifiserte av eit tillegg om at norvagiseringa bør gå føre seg i eit moderat tempo "hvor man tar rimelig hensyn til reaksjonene fra publikum".

Ei av retningslinjene går ut på at Norsk språkråd skal behandle tidlegare normerte importord ved slutten av kvar valbolk, altså i samsvar med gjeldande generelle prosedyrar. Departementet har ikkje noko å innvende mot dette. Dei argument som generelt tilseier mindre frekvente rettskrivingsendringar, jf. pkt. I ovanfor, gjer seg ikkje like sterkt gjeldande på dette området, fordi det her dreier seg om ei normering som er meint å vere eit svar på eit stendig inntak av utanlandsk ordstoff i norsk språk. Dersom ein først aksepterer at norvagisering kan vere ein del⁵ av svaret på denne innverknaden utanfrå, må ein i utgangspunktet vere budd på å tillate justeringar såpass ofte som kvart fjerde år.⁶

Det ligg likevel ei avgrensing i føresetnaden om at norvagiseringa bør gå føre seg i eit moderat tempo. Vidare ligg det ein sterk modifikasjon i det punktet i retningslinjene som inneber at den utanlandske skrivemåten framleis vil stå ved lag ved sida av ei eventuell norvagisert form. Eit anna punkt i retningslinjene går ut på at det først er når ei norvagisert form har vore tillaten og i bruk i 20 år, at ein bør vurdere å gjere ho til eineform. Norvagisering i eit moderat omfang må på denne bakgrunn oppfattast som ein del av eit meir løpande normeringsbehov. Dette inneber at det ikkje er grunnlag for å utsetje vurderinga av dei vedtaka som er oppførte under pkt. 3.1.5 og 3.1.6 i det mottekne oversynet. Desse vedtaka er i all hovudsak i samsvar med dei vedtekne retningslinjene. Unntaket er dei vedtaka som går ut på å gjere ein del tidlegare og nye norvagismar til eineformer. Dette gjeld syklatamat, syklatamen, syklotym/syklotymi desennium, diktum, gem, såsiss, plott og prosit. Det er ikkje opplyst i oversynet om desse formene har vore tillatne og brukte i minst 20 år, slik retningslinjene krev dersom dei skal gjerast til eineformer. Så langt vi har funne ut, har dei fleste av dei vore tillatne i kortare tid, og det er heller ikkje oppgitt nokon grunn til at dei

⁵ Det heiter i retningslinjene at ein i behandlinga av heilt nye engelske framandord skal prioritere arbeidet med å finne norske avløyssarord.

⁶ For tidlegare unormerte ord, følgjer det av retningslinjene at justeringar kan skje kvart år. Her har Norsk språkråd fullmakt til å fatte endelege vedtak, altså utan godkjenning i departementet.

likevel blir foreslåtte som eineformer. Slike grunnar kan finnast, men departementet føreset at desse i så fall skal framgå eksplisitt i vedtaksoversynet.

På denne bakgrunn godkjenner departementet alle norvagiseringane under pkt. 3.1.5 og 3.1.6, men føreset at alle dei eldre skrivemåtane skal vere tillatne som valfrie former ved sidan av norvagiseringane. Dette gjeld cyklammat, cyklamen, cyklotym/cyklotymi decennium, dictum, game, saucisse, plot og prositt. Godkjenninga inneber at dei nye formene blir tillatne frå og med 1. juli 2001, jf. innleiinga av dette brevet.

Oppsummering

1. Departementet godkjenner dei vedtaka som er lista opp under pkt. 3.1.5 og 3.1.6 i det tilsende oversynet, med dei modifikasjonane som det er gjort greie for under del III ovanfor. Endringane gjeld frå og med 1. juli 2001.
2. Alle andre vedtak enn dei som er nemnde under pkt. 1, blir sende tilbake til Norsk språkråd med dei grunngevingane som det er gjort nærmare greie for ovanfor.
3. Departementet ber Norsk språkråd lage ei utgreiing som nærmare drøftar korleis skiljet mellom hovudformer og sideformer eventuelt kan takast bort også i nynorsk, og korleis ein i så fall kan tenkje seg å løyse dei spørsmåla som reiser seg i kjølvatnet av dette.
4. Departementet ber Norsk språkråd gjere ei samla vurdering av tilhøvet mellom tradisjonelle former og bokmålsnære former innanfor dei ulike delar av nynorsknorma slik ho framstår etter vedtaka på siste rådsmøte, jf. nærmare om dette under del II bokstav b ovanfor.
5. Departementet ber Norsk språkråd gjere ei samanliknande og systematisk oppstilling for bokmål og nynorsk som viser det gjennomgåande bøyingsmønsteret av samandregne og fulle former for flest mogleg av dei aktuelle substantiva slik systemet framstår etter dei innsende vedtaka. Vi ber Norsk språkråd vurdere dette nærmare slik som nemnt under del II bokstav b ovanfor.
6. Departementet ber Norsk språkråd vurdere om verbalformer som ba, dro, ga og sto kan tillatast i nynorsk på same måte som i bokmål.
7. Departementet ber Norsk språkråd gjere ein nærmare analyse av tilhøvet mellom bokmålsnorma og frekvente riksmålsformer, jf. nærmare i under del II bokstav b ovanfor.
8. Departementet ber Norsk språkråd sjå nærmare på dei nye skrivemåtane for geografiske namn i nygresk.

Med helsing

Stein Sægrov e.f.
avdelingsdirektør

Ingvar Engen
seniorrådgjevar